

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 22.08.2007
Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Vibeke Vikse
Saka gjeld: **Tilsettingar i Helse Vest RHF hausten 2007**

Styresak 071/07 O **Styremøte 05.09. 2007**
Administrerande direktør si orientering pkt 7

Det blir vist til tidlegare informasjon om tilsettingprosessar for ledige stillingar i Helse Vest RHF.

Pasienthjelpar:

Liv Torunn Rundhovde er tilsett i stillinga som pasienthjelpar og er kome godt i gang med arbeidet. Det har vært god omtale av pasienthjelparen og ein har forventning til at kontakten frå pasientane utover hausten vil tilta.

Bygg- og eigedomssjef:

Leif Johan Røthe er tilsett i stillinga og startar 1. september 2007.

Rådgivar i fagavdeling innan psykiatri:

Carina Paulsen er tilsett i stillinga og starta 15. august 2007.

Felles tenestesenter for løn og rekneskap for Apoteka Vest HF, Helse Vest IKT AS og Helse Vest RHF:

For felles tenestesenter for løn og rekneskap er alle stillingane no på plass. Øyvind Larsen, Geir Petter Gilje og Mona Hovland er tilsett som reknekapskonsulentar. I tillegg er det leidt inn ein person som skal ha ansvar for løn, inntil det blir avklart om det blir tilgjengelege ressursar frå helseføretaka etter at omlegging av nye prosessar og system er implementert.

I samband med at Liv Sundfør er tilsett som leiar av felles tenestesenter for løn og rekneskap, er vi for tida inne i ein rekrutteringsprosess for å få dekt opp ein rekneskaps-/controllarstilling i økonomi- og finansavdelinga.

Internrevisor:

Tilsettingsprosessen i stilling som internrevisor er i sluttfasen. Det er forventa at endeleg tilsetting skal være på plass innan styremøtet 5. september.

Endring – konserntillitsvalde

27. august starta Janet Monsen opp som ny konserntillitsvalt for SAN. Sidsel Petrine Vestås som har vært konserntillitsvalt for SAN, har tiltråd leiarstilling på fødeavdelinga i Helse Fonna HF.

Det gjenstår nokre ledige stillingar som det førebels ikkje er tilsett i:

Prosjektleiar i Eigaravdelinga:

Det er eit stramt arbeidsmarknad for denne gruppa og vi har av ulike omsyn valt å leiga inn nokre ressursar til enkelte oppgåver frå Helse Vest IKT i ein periode.


Det vil vera aktuelt med ein ny rekrutteringsprosess i løpet av hausten 2007/våren 2008.

**Rådgivar økonomi- og finansavdelinga med arbeidsområde
innkjøp/kontraktsadministrasjon/logistikk:**

Rekrutteringsprosessen vil bli vurdert gjennomført hausten 2007.

Rekruttering generelt:

I mai 2007 blei den nye rekrutteringsportalen, som ein del av MOT-prosjektet, tatt i bruk i heile føretaksgруппa. dette har medverka positivt i rekrutteringsarbeidet. Det er stor rekrutteringsaktivitet i alle helseføretaka og ein betre rekrutteringsprofil og arbeidsprosess har så langt gitt god respons.



Som det går fram av grafen over er det pr. 15. august registrert 3395 elektroniske søknader i heile føretaksgруппa.

Rekruttering til ledige legestillingar i Helse Førde er framleis i prosess. Det er venta at alle stillingane som skal inngå i "Campusmodellen" i Polen vil vera avklart innan utgangen av september. Saman med Helse Midt og Helse Nord vil det vera om lag 30 legespesialistar som skal rekrutterast i dette prosjektet. Helse Førde har 12 stillingar i dette rekrutteringsprogrammet.